


# 3A, KAUPANGER SKULE 2021/2022

## SOSIALVEKE VEKE: 34

MÅL: Få ein god oppstart og koma raskt inn att i rutinane.  
Ta alle med i leiken.



	MÅNDAG	TYS DAG	ONSDAG	TORS DAG	FREDAG
09.00-10.00 m/fruktstund	MATEMATIKK + høyre lesing	NORSK Salto Tema «Ny start»	KRØ/MUS/MAT/KRLE: Tverrfagleg småskulesamarbeid for 1. – 4. klasse	MATEMATIKK + høyre lesing	MATEMATIKK + høyre lesing
10.00-10.15	FRIMINUTT	FRIMINUTT	FRIMINUTT	FRIMINUTT	FRIMINUTT
10.15- 11.45 m/matstund	NORSK/NAT.FAG 3A + 8A digitalt faddersamarbeid: Lage Powerpoint om ulike dyr.	MATEMATIKK + høyre lesing	ENGELSK Tema numbers, colours and «New friends»  NORSK Salto Tema «Ny start»	SAMFUNNSFAG  11.00: MATSTUND	KRØ/NAT.FAG/KRLE:  SKOGSTUR MED SMÅSKULEN
11.45-12.15	STOREFRI	STOREFRI	STOREFRI	11.30: BUSS SKOGLY	
12.15-13.15	KRLE/NORSK Tema «Etikk og filosofi» + venskap	NATURFAG	KRØ/MUS/MAT/KRLE: Tverrfagleg småskulesamarbeid for 1. – 4. klasse	SYMJING PÅ VESTERLAND	
13.15-13.30	HEIM/SFO 13.15	HEIM/SFO 13.15	HEIM/SFO 13.15	FRIMINUTT	HEIM/SFO 13.00
13.30-14.30				NORSK Salto Tema «Ny start»	
14.30				HEIM/SFO 14.30	

### Kjære 3A!

\***Oppstarten:** Me har hatt ei god veke og allereie fått gjort mykje variert og kjekt i lag. Klassen har teke veldig godt i mot Michal, så de føresette kan vere retteleg stolte av borna dykkar!

\***Leselekse:** Me tek til att med leselekse frå måndag denne veka, på om lag same måte som i fjor. Hugs å samtale om minst 6 ord kvar dag og å skrive desse på vekeplan (innlevering fredagar), så eleven jamt får auka ordkunnskapen sin.

\***Tur fredag:** Det vert ny tur for småskulen denne veka. Fredag går me i 1. – 4. klasse opp i skogen bak skulen for å leike i lag. Hugs høvelege sko og kle til å vere ute i mange timar, sekk som er god å bera, sitjeplate og rikeleg med mat, frukt og drikke.

\***Symjing:** Denne veka tek me til att med symjing på Vesterland. Klokkeslettet er om lag det same som i 2. klasse (bussen køyrer frå Skogly klokka 11.30), så me et både frukt og lunch før me dreg. Det er flott viss barnet kan pakke badebaggen sin sjølv, og de vaksne ser over etterpå, slik at eleven veit kva handduk, såpe ol som er hans. Dette gjer det enklare for eleven når han skal halde styr på sine eigendeler i symjegarderoben. Hugs hårstrikk for jentene. Miljøarbeidar Katarina Mardal og Rita vert dei to vaksne i symjetimane dette året.

\***VISMA:** Administrasjonen ser at skulen framleis manglar noko kontaktinformasjon frå dykk føresette. Kommunen vil at alle føresette skal registrere både telefonnummeret og mailadressa si i VISMA. Fint om alle vil gjere dette i løpet av helga, slik at me kan skrive ut fullstendige lister komande veke.

Ha ei fin veke, alle saman! Beste helsing oss vaksne i 3A.

<b>Anna</b>	* <b>Meldemappa:</b> Vert meldemappa sjekka kvar ettermiddag? Er den rydda før ny skuleveke? * <b>Signering:</b> Har de sett gjennom og signert <u>nedst</u> på <u>alle</u> skriftlege lekser (både på ark og i boka)? * <b>Bibliotekboka:</b> Levering seinast ei veke etter utlån (sjå vekedag for bibliotek på plan ovanfor).
-------------	--

Individuell leselekse:	Barnet les høgt medan den vaksne lyttar, de samtalar om minst 6 ord i teksten og eleven fortel att innhaldet i teksten: måndag + tysdag + onsdag + torsdag. Hugs å signere på lesekortet og å skrive ned 6 ord/omgrep kvar dag!
------------------------	--

<b>Desse 6 orda/omgrepa i leseleksa har me snakka om i dag (de føresette skriv orda): Levere fredag.</b>
<b>Måndag:</b>
<b>Tysdag:</b>
<b>Onsdag:</b>
<b>Torsdag:</b>

Sett: \_\_\_\_\_

Eleven sitt namn: \_\_\_\_\_